



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Hareid kommune
Rådhusplassen 5
6060 Hareid

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		104609/2018	Arve Nytun, 71 28 03 25	18.09.2018

Fråsegn etter arkeologisk registrering på Engeskardet - Hareid kommune - detaljregulering - reguleringsendring - Åsen/Engeskardet hyttefelt

Viser til vårt krav om arkeologisk registrering i forbindelse med reguleringsplan for Åsen/Engeskardet hyttefelt. Den arkeologiske registreringa gjekk i hovudsak på overflateregistrering, i søk etter utmarkskulturminner. Undergrunnen består i hovudsak av berg med myrtorv der det i hovudsak veks lyng og mose. Denne myrtorva er sjeldan djupare enn 50-100 cm, og det er svært lite jord, grus eller sand i botn, noko som gjorde at det i liten grad var naudsynt å grave. Det vart systematisk stukke med jordborr over størstedelen av område der ein kunne vente å finne automatisk freda kulturminner.

Det vart ikkje gjort funn av kulturminner som er automatisk freda. Det vart heller ikkje påvist spesielt verdifulle kulturminner frå nyare tid. Vi minner likevett om meldeplikta dersom slike kulturminner skulle dukke opp under anleggsarbeidet. Dette gjeld steinstrukturar, kolkonsentrasjonar, gjenstandar eller andre typar funn som kan vere automatisk freda. Utover dette har vi ingen merknadar til planen.

Med helsing

Bjørn Ringstad
fylkeskonservator

Arve Nytun
Arkeolog/rådgivar